



Yrkesopplæringsnemnda  
Hovudutval for opplæring og kompetanse

Dato  
14.04.2021

## Opplæringstilbodet for skuleåret 2021-2022

Sogn regionråd vil gjere y-nemnda og opplæringsutvalet merksame på uheldige konsekvensar for ungdommen i Sogn ved den tilrådinga som ligg føre.

Fylkestinget har i arbeidet med lokal forskrift for inntak og formidling lagt vekt på mellom anna desse to viktige prinsippa:

- *Ingen elevar skal, ufrivillig, ha urimeleg lang reiseveg.*
- *Alle elevar skal ha rett til å fullføre utdanninga si på den skulen dei startar på der dette er mogeleg.*

Begge desse prinsippa føreset ei breidde i tilbodet regionalt. Med tilrådinga som ligg i bordet frå fylkesrådmannen utfordrar ein vesentleg breidda på tilbodet i Sogn.

- Ved å ikkje sette i gang vg1 restaurant og matfag vert ikkje dette tilbodet i regionen.
- Ved å redusere vg1 sal, service og reiseliv med ei klasse reduserer ein moglegheitene til å tilby breidde på tilboda på vg2 neste år.
- Ved å redusere vg1 studiespesialisering til to klasser på Sogndal vgs. vil ein misse moglegheitene til gje full breidde på tilbodet i programfag på vg2 og vg3. Ein vil då ikkje ha ein skule i regionen som tilbyr full fagbreidde. Dette vert ytterlegare forverra av at media- og kommunikasjon blei teke bort som utdanningsprogram i utlysingssaka.
- Ved å ikkje sette i gang vg2 industriteknologi i Årdal, vil ein ikkje ha tilbod i regionen i det faget der det er flest lærefag i teknologi og industrifaga.
- Ved at vg1 teknologi og industri ikkje vert auka med 1 klasse vil ein få utfordringar med rekrutteringa til vg2-tilboda, då det er 4 vg2-grupper som skal rekruttere frå 3 vg1 klassar.

Samla sett er dette drastiske kutt for tilbodet til ungdommen i Sogn. Regionrådet vil særleg spele inn viktigheita av å gje elevane på studiespesialisering moglegheit til breidde på programfaga ved Sogndal vgs, og gje elevane på industriteknologi, i Årdal, moglegheit til å gå ut i etterspurde lærekontraktar gjennom å ha ei halv klasse i kombinasjon med vg2 kjemiprosess.

For ungdommane i Sogn vil det vere ein fordel dersom det vert oppretta ei ekstra klasse på idrett i tillegg til dei tre studiespesialiserande klassene ein har. Fleire vil få førstevalet sitt, og det vil gje lærelyst, og motivasjon noko som er med på å sikre god gjennomføring. Ut frå tilbakemeldingar frå enkeltsøkjarar, vil elevar som ikkje kjem inn i Sogndal, søkje seg til private idrettslinetilbod. Det er ikkje det beste for ungdommane i Sogn.

Å ikkje ha eit tilbod i industriteknologi i ein region som sysselset nesten 5000 i industrien (sekundærnæringane) vil vere ei fallitterklæring opp mot målsettinga fylkeskommunen har om å vere det leiande verdiskapingsfylket.

Vi vil også vise til vedtaket i fylkestinget i desember 2020 der ein peika på mellom anna Årdal vgs. med tanke på vellukka samarbeidsprosjektet mellom vidaregåande opplæring, næringsliv og kommunar. Ein føresetnad for å klare å både etablere og utvikle slike samarbeid er at tilboda innanfor vidaregåande opplæring er føreseielege trass svingande søkjartal. I distrikta vil fleksible modellar med rom for halve grupper i år med låge elevtal, vere avgjerande for nå målsettingane til fylkestinget om utvikling av samarbeid mellom fylkeskommune, næringsliv og kommunar.

Med helsing

Hilmar Høl  
leiar i Sogn regionråd

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*